



Hybelliv med Radionette Kurér radio på bordet, laurdag 22. januar 1955, om gutane har reve av veggkalenderen på rett dag. På divanen sitt frå venstre: Ivar Lie, Jan Mørkedal, Hallstein Ånes, Magne Langleite frå Skjåk og John Brandshaug frå Eide.



Andreas Grimstad (til venstre), son til Leiv P. Grimstad og kona Karn, mimrar om glanstida i Velledalen. Jan Mørkedal budde i eit hus som låg rett bak hekken i bakgrunnen.

Soveplassen kunne vere ein divan som vart brukt til seng om natta, eller ei seng som vart brukt som divan om dagen! Så kunne det vere plass til eit lite bord og ein stol. Somme hadde radio, medan andre var vel utstyrt med platespelar. Oftast var platespelaren kobla til radioen for å få lyden ut, for stereoanlegget var ikkje komme ennå.

Jan fortel at dei la mursteinar i vinduskarmen for at gardinene skulle halde seg på plass i vinden. Ein gong spleisa dei på ein eplekasse, men eplene fraus til og med inne i klesskåpen! Det er ikkje ulikt den hybelen Karl Egil Brunstad hadde da han reiste frå Velledalen til Tingvoll for å gå på gymnas først på 1970-talet. Men slik var det.



Her spelar Alf Brunstad og Arne Brunstad sjakk.

Bernhard P. Grimstad, fødd 1937, frå Grimstadtrøa, reiste sammen med brørne Arne og Leiv tidleg på 1950-talet og arbeidde på Brødr. Brunstad møbelfabrikk. Han drog heim til Straumsneset att.

Martin Ulset, fødd 1930, bror til Tron, var snekkar i kjellarverkstaden til Karl Hole på Hole og arbeidde dessuten som bygningsnekkar. Han hadde hybel i kjellaren der. Han reiste nordover att.